

SISTE INDRE

Vi er gode nyheter



Glede og sorg, hand i hand

Det er rart korleis alle ting i livet har to sider, minst. Det oppdagar ein meir og meir, jo eldre ein blir. Å leva som Jesu venn er den djupaste gleden, sidan ein kjem i kontakt med Guds hjarte. Men det gjev også sorger som me ikkje ville hatt, dersom trua var annleis.

Noko av det finaste med trua på Jesus, er at det alltid er håp. Og det er ikkje ein floskel, men er meint heilt konkret: Det er håp om alle ting. Sjølv dei tyngste ting kan Jesus endra. Sjølv mine største feil og synder har Jesus makt til å tilgje og utsletta. Sjølv døden skal han snu til liv ein dag.

Kristen tru er derfor framfor alt lys. Andens frukt er kjærleik, glede og fred, står det i Galatarane 5,22, og ingen som lever nær Gud er upåverka av hans vesen.

I mitt liv er det ein grunntone av glede som ingenting kan ta frå meg. Eg teller dagane og velsigningane Gud gjev meg, og «glaset mitt er oftast halvfullt, ikkje halvtomt». Kvardagslivet er undervurdert som kjelde til glede, der me får tena Gud og fedrelandet i å trufast byggja Guds rike og samfunnet rundt oss. Spar meg frå å bli ein av dei som kun gleder seg til helga.

Den andre sida av trus-medaljen er dei sorgene som alle som vandrar med Jesus kjenner. Den heilage ande påverkar vår ånd

slik at me reagerer med sorg når synda og konsekvensane av ho kjem nær. Det kan vera i vårt eige liv eller i samfunnet rundt oss.

Paulus skriv i Fil. 4,8; «Alt som er sant, og alt som er ære verdt, alt som er rett, og alt som er reint, alt som er verdt å elska, og alt som er verdt å akta, det som er god livsførsel og som fortener ros, legg vinn på det!»

Dette verset har fylgt meg sidan eg som ungdomsskuleelev såg det på veggen på ein tur til Stavanger Aftenblad. Alt som byggjer opp og gjev liv er ei stor glede. Det som riv ned, løgner og ikkje er reint, lagar sorg i meg.

Nyleg var eg på Abba-musikalen «Mamma Mia» i London. Det var ei litt rar oppleving. Midt i all den fengande musikken og den gode stemninga, blei det utspelt ei historie med mange dårlege val om sex og samliv. Musikalen var på nokre måtar eit bilete på tida me lever i. På veg tilbake til hotellet gjekk me gjennom Soho, med Pride-flag og transvesitt-flag i gatene, slik som nå i juni også vil prega Noreg.

Men også i London er det to sider. Under Alpha-konferansen der møtte leiinga i Normisjon ei gruppe skeive kristne som kallar seg Living Out (Dagen 9.5.25). Desse ynskjer «å utruste kirker til å leve ut Guds Ord om seksualitet og identitet. De består av en gruppe kristne som kjenner tiltrekning til mennesker av samme kjønn, men som er overbevist om at det ikke er riktig å leve denne ut.» Eg har sjølv møtt slike kristne andre stader.



Det må vera ei sorg å ikkje kunna leva ut kjærleik i eit samliv, men desse brørne og systrene har funne ei større glede i livet, som gjer at dei vel annleis enn dei fleste.

Me som kristne må frimodig våga å forkynna og snakka om desse spørsmåla, og dei gledene og sorgene det medfører å lyda Guds ord. Det er dette som er å ta sitt kors opp og fylgja Jesus.



Indremisjonsforbundet i Rogaland
Mjølnhusvegen 70, 4364 Sirevåg
Tlf. 51 79 38 80
Nettside: imfrogaland.no
E-post: rogaland@imf.no

Direktenummer:
Anne Berit Aarsland 977 67 073
Terje Slettebø 51 79 38 80
Anne Birgitte Auestad 920 90 232
Gina Ueland 478 70 409

Kretsleiar
Reidar Røyland
Tlf 480 23 433

Kretsstyreleder
Kari Helen Garheim
Tlf 975 74 550

Bankgironr.
8220.02.80101
vpps # 21841

SISTE INDRE
Organ for ImF-Rogaland
Tilslutta Indremisjonsforbundet
Kjem ut 4 gonger årleg
Kontingent kr 250,-
Redaktør: Terje Slettebø
Sats: Tubb
Trykk: Lura Trykkeri

OGNATUN
Mjølnhusvegen70
4364 SIREVÅG
Tlf. 51 79 38 88

Direktenummer
51 79 38 88
Heimeside: ognatun.no
Epost: ognatun@imf.no

Avdelingsleiar:
Elisabeth Kalvenes
Tlf. 51 79 38 88

Ditt fundament

”Fundament, den delen av eit byggverk som overfører vekten av bygget og anna belastning som bygget vert utsett for, ned til grunnen.”

Dette er ein definisjon, som er henta frå Store norske leksikon på kva eit fundament er. Akkurat som eit byggverk treng ei solid grunnmur for å stå støtt, treng også me menneske noko som held oss oppe når livets stormar kjem.

Me menneske lever i ei verd som er uforutsigbar og vanskeleg. I dagens samfunn er det lite som står fast. Det endrar seg stadig kva som er ”rett” å ete, korleis kle seg, kva frisyre som er populær, og kva meiningar som er aksepterte. I løpet av livet vil alle oppleve mange ulike former for endringer: Derfor treng me eit fundament i livet vårt, som alltid står seg.

I Lukas 6:47 - 49 kan me lese om at det å høyra Guds ord og gjera etter det, er som ein som byggjer huset på ein stødig grunnmur. Eit fundament som står imot både flaum og uver. Det er dette Gud vil for oss, at me skal byggja livet vårt på Hans ord. Då får me eit fundament som held ut, og som er tilstrekkeleg for livet her på jorda.

Guds ord er eit fundament som verkar slik som det var meint. Det tek imot vår belastning og gjev oss kvile. Det rokkar ikkje når livet stormar, men det står fast uansett kva som skjer.

Mi erfaring er at Gud alltid ynskjar å ta imot det, og sær når det er vanskeleg og tungt. Når ting i livet kjennest som uver, vil Han vera ditt fundament. Han vil ta tyngda av livet ditt og føre det ned til grunnen, slik at du kan stå stødig gjennom alt.



Sigve Kydland

Kom til meg, alle de
som slit og har tungt
å bera; eg vil gje
dykk kvile!

Matteus 11:28

VIL DU LÆRE MER OM SJELESORG OG UTVIKLE DINE SAMTALEFERDIGHETER?

SAMTALETILBUDET
MENTORING & SJELESORG

INVITERER TIL KURS

Innføring i SJELESORG

Om sjelesorg og
sjelesørgeren.

Kursleder:

Edel Irene Aase

Datoer:

15/9

22/9

29/9

2025



Sted:

Ognatun

Dag:

Mandager

Kl:

18.00–21.00

Pris:

500 kr pr. kurs



Innføring i SAMTALEN

Om å lytte
og samtalen
som verktøy.

Kursleder:

Anne Håkonsholm

Datoer:

20/10

27/10

03/11

2025

Påmelding innen 1. juni:
sjelesorg.rogaland@imf.no

 **imf** Rogaland

For mer informasjon
Anne Berit Aarsland
E-post: ab.aarsland@imf.no



Praten gjekk godt rundt borda.

Årsmøte til ImF-Rogaland 2025

Presentasjon av første steg i utviklinga av ImF-Rogaland sin nettverksmodell og organisering av Ognatun som AS var hovudsakene når 52 utsendingar var samla på Ognatun til årsmøte for ImF-Rogaland onsdag 23. april.

► Av Terje Slettebø

Johan Halsne, som begynner som kretsleder i ImF-Rogaland 1. september, var med og hadde andakt. Han minna om setninga frå Påskebodskapen: «Og då dei hadde sunge lovsongen, gjekk dei ut» Matt 26.30

Jesus forvandlar liv

Lovsongen som her vart sunge er frå Salme 113 og 114. Johan minna om Salme 113.7. «Han som reiser den ringe or støvet, og lyfter den fattige or søpla», og streka under at Jesus forvandlar liv og løfter menneske opp av søppeldunken.

Vidare trekte han fram Salme 77.3, Eg minnes min song om natta, og peika på det som står om Jesus i Hebrearbrevet 12.2. « For å oppnå den gleda som venta, leid han krossen med tolmød, utan å akta vanæra.

For det tredje var årsmøte minna om at det er ei tid for å syngja lovsongar inne. Johan trekte fram Ap. gj. 16 der Paulus og Silas song lovsongar i tempelet. Ingen fangar rømde for lovsongen fengja dei meir enn opne dører. Lovsongen i natta er lovsongen når livet er vondt og vanskeleg.

Etter lovsongen gjekk dei ut, det er mange utanfor våre samanhengar som treng vår lovsong, var utfordringa til slutt i andakten.

Nettverksmodellen

Kretsleder Reidar Røyland informerte om arbeidet med å utvikle og organisere kretsen etter nettverksmodellen som vart vedteken på årsmøte for eit år sidan. Første steg er å dra i gang seks nettverk hausten 2025 der interesserte personar i lokale forsamlingar og foreiningar kan bli med, og saman på tvers av forsamling/foreining vera til inspirasjon og hjelp for kvarandre.



Det møtte 52 utsendingar til årsmøtet.



Geir Inge Byberg t.v. og Grete Thorsen (nr to fra høyre) blir takk for innsatsen i kretsstyret.

Desse seks nettverka er mest aktuelle til dra i gang nå i 2025:

Bønn- og samtalenettverk
Diakoninettverk
Forkynnelses- og åndeliglederskapsnettverk
Leir- og barne/ungdomsnettverk
Forsamlingsutviklingsnettverk
Smågruppenettverk

Underskot

Rekneskapen for kretsen viser eit underskot på 177 000 kr. Det vart frå kretsleiinga uttrykt bekymring for den økonomiske utviklinga. Utgiftene stig jamt og trutt, særleg merkar ein den forholdsvis store lønnsauke som har vore dei to siste åra. For å kompensera for dette har ein måtte redusera i stillingar, noko som utfordrar å kunna halda oppe misjonsaktiviteten. Positivt for økonomien var ein aksjon i febr. 2025 der kretsstyret hadde ein ringerunde til faste gjevningar og utfodra til auke i gjevartenesta, aksjonen løfta fast gevarteneste til ImF-Rogaland med ca 12 000 pr. mnd.

Ognatun

Økonomien for Ognatun har betra seg mykje frå 2023 til 2024 kunne formann i Ognatunstyret, Magne Skårland, leggja fram for Årsmøte. Rekneskapen viser eit driftsunderskot i 2024 på kr 236 000, då er avskrivningar 551 000 tatt med. Skårland kunne også orientera om at med betre økonomi kunne ein få gjera ferdig prosjektet med å renovera alle overnattingsromma i Internatet. Her har mykje av arbeidet blitt utført på dugnad. Årsmøte vart også gjort kjent med at denne siste vinteren har vore krevjande for Ognatun på grunn av sjukemeldingar i medarbeidarflokk.

Aksjeselskap

På årsmøte vart det også lagt fram forslag frå kretsstyret og Ognatunstyret om å omgjera Ognatun til aksjeselskap. Dette for å få eit ryddig organisatorisk forhold mellom krets og leirstad. Og for å behalda eit god lokalt engasjement rundt Ognatun i møte med nye reformer i kretsstrukturen. Årsmøte var positive til forslaget og gav kretsstyret fullmakt til å arbeida for AS, samtidig som årsmøte bad styret om å undersøkje eventuelle negative konsekvensar i forhold til skatt og ulike støtteordningar til Ognatun.

Meir sjølvstendig

I årsmeldinga som vart lagt fram for arbeidet i kretsen i 2024 kunne ein merka tre trendar. I arbeidet for vaksne blir arbeidet i forsamlings- og foreiningar meir og meir sjølvstendig. Den andre trenden er at gjennom sjelesorg, mentorordning og retreat får kretsen stå i eit viktig arbeid, og kretsleder Reidar Røyland understreka at det er på dette feltet kretsen når menneske til både nytt liv og fornying.



Johan Halsne hadde andakt.

Vekst

Og den tredje trenden i arbeidet er barne og ungdomsarbeidet som veks. Fleire lag blir innmeldt i kretsen, og det var fleire leiarar enn året før. Ei stor utfordring her, som også vart lagt inn over årsmøte, det er vanskeleg å rekruttera godt vaksne leiarar til leirane.

Kretsstyre

Kretsstyret etter valet: Helge Ims, Sandnes, Lillian Skretting, Varhaug, Svein Risdal, Riska, Kari Helen Garheim, Kleppstasjon (attval), Jarl Steinar Lædre, Egersund (ny), Bente Roth, Tjelta (ny), Morten Habbestad, Varhaug (ny), 1. vara Sigve Kydland, Varhaug (attval).

På første styremøte etter årsmøte konstituerte kretsstyret seg med Kari Helen Garheim som leiar, og Helge Ims som nestleiar.

Nytt frå Ognatun



Medarbeidarflokken på Ognatun: f.v. Henriette Holta, Elisabeth Kalvenes, Lillian Sirevåg, Sylvia Kmiecik, Anna Jawroska, Claudia Simion, Marianne Nilsen-Ravndal, Anne Marie Byberg og Gerd Evy Vestly Thu (innfelt)

Denne våren har vi på Ognatun får oppgradert dei siste overnattingsromma på Internatbygget. Nå er alle romma i 1. etasje totalrenovert, og saman med dei nye romma i underetasjen framstår nå Internatbygget i svært god stand. Dette gleder vi oss over og er svært takksame til dugnadsfolka som har gjort mykje av arbeidet på dugnad.

► Av Terje Slettebø

Dugnadsfolka har også hogge ned mykje tre på oversida av vegen inn til Ognatun. I dette område har dei også laga ny sti bort til klatreveggen som nå er blitt lettare tilgjengeleg.



Flis blir godt underlag på stien bort til klatreveggen.



Henriette Holta er klar for å vikariere som avdelingsleiar.

Denne våren har vore svært utfordrande i arbeidet på Ognatun med mange sjukemeldingar. Både tilsette og frivillige har stilt opp for at Ognatun skulle kunna klare å få avvikla dei fleste av arrangementa som var planlagde. Nokre måtte vi dessverre avlyse.

Nå har Ognatun fått tilsett nye medarbeidarar, både fast og i vikariat, og sjukemeldingssituasjonen er blitt betre. Marianne Nilsen-Ravndal har begynt i 50% fast stilling og overtar etter Ragnhild Røyneberg som avsluttar i sin stilling på Ognatun nå i sommar. Takk til Ragnhild for tida og arbeidet ho har utført på Ognatun.

Claudia Simion gjekk 01. mai inn i eit vikariat som kjøkkenleder, og Henriette Holta vil frå 23. juni gå inn i eit vikariat som avdelingsleiar for Elisabeth Kalvenes som går ut i omsorgspermisjon.

Nettverka til ImF Rogaland er klare for oppstart kommende år

I tidligere nummer av Siste Indre har vi omtalt nettverksmodellen. Nå har kretsen landa på seks ulike nettverk i denne omgang, der hvert enkelt blir ledet av en sentral person i kretsen. Forsamlinger og foreninger kan melde seg inn i ett eller flere av disse, og delta med representanter som er engasjerte på feltet. Nettverkene samles en gang i halvåret fysisk, pluss et par ganger digitalt. De nettverkene som får nok påmelding, blir startet opp kommende år.



Forkynnelse- og åndelig lederskapsnettverk

imf Rogaland

Forkynnelse og åndelig lederskap

Dette nettverket er for fellesskap som ønsker å utvikle forkynnelsen og utruste forkynnere. Det vil også hjelpe til et tydeligere åndelig lederskap, der en kan drøfte vanskelige spørsmål, praksis rundt sakramenter og eldste- og hyrdefunksjonen i fellesskapet.



Bønn- og samtalenettverk

imf Rogaland

Bønn og samtale

Nettverket er for de som ønsker å kunne tilby sjelesorg og mentoring ved personer utenfor sitt eget fellesskap. Det er også for dem som vil utvikle og inspirere forbønnsstjeneste og bønnearbeid videre.



Leir- og barne/undomsnettverk

imf Rogaland

Leir og barn/ungdom

Her tilbyr kretsen andaktshjelp, lederutvikling og hjelp til konfirmentarbeid. I tillegg er dette nettverket for fellesskap som vil støtte leirarbeidet på Ognatun eller selv arrangere lagsleirer.



Diakoninettverk

imf Rogaland

Diakoni

Mange fellesskap ønsker å starte eller drive et diakoniarbeid med f.eks. besøk av eldre og syke, småbarnstreff, språkcafe/ innvandrersarbeid eller praktisk arbeidshjelp. Her kan en få ideer og inspirasjon til dette.



Forsamlingsutviklingsnettverk

imf Rogaland

Forsamlingsutvikling

Dette nettverket er for ledere, ansatte eller frivillige, som ønsker å drive eller etablere en forsamling og jobbe med ulike verktøy som f.eks. Naturlig menighetsutvikling for å utvikle fellesskapet videre.



Smågruppenettverk

imf Rogaland

Smågrupper

Å tilby smågrupper til medlemmene er avgjørende for å bygge relasjoner og en livsnær tro. Det kan være huskirker eller bibelgrupper etc. Nettverket vil dele samtaleopplegg og undervisningsmateriell, samt erfaring i oppstart og drift av slike grupper.

Retreat Ognatun 2025



4.-7. september

Retreatleder:
Anne Berit Aarsland

2.-5. oktober

Temaretreat:
"Hjertefokus"
med Tom Norum

Påmelding: ImfRogaland.no

Samtalesenter med lav terskel



Aud Karin Kjølvik Ringvoll.

-Vi ynskjer å vera eit samtalesenter der folk kan koma både når det vil vera godt å snakka med nokon sjølv om livet ikkje er så forferdeleg komplisert og når livet har rota seg til skikkeleg til.

► Av Terje Slettebø

Det seier Aud Karin Kjølvik Ringvoll som er fagleg ansvarleg for Samtalesenteret til Fredheim Arena på Sandnes. Ho er tydeleg på at senteret er for alle med ulike utfordringar i livet: -Det å kunna snakka ærleg om livet til eit anna menneske er nyttig for å kunna sortera og finna problemet. Kva er det eigentleg som står på? Samtalar kan handla om utfordrande relasjonar om tru og ikkje tru. Det å dela liv, om det ikkje løyser konkrete utfordringar der og då, så endrar det einsemda i situasjonen, seier Aud Karin. Når ein kjem til samtale blir det også gitt tilbod om forbøn, og det er det mange som nyttar seg av. Men ein kan også koma utan å vera kristen for å samtale om livets mange utfordringar.

Frivillige medarbeidarar

Samtalepartnarane er frivillige medarbeidarar som har kristen tru og er aktive i forsamlinga på Fredheim eller i andre forsamlingar. Dei ynskje å lytte, gå med eit vegstykke, og gje av Guds omsorg. Aud Karin seier at som fagleg ansvarleg for



På senteret møter ein medmennesker som ynskjer å lytte, og gå med eit vegstykke.

senteret har ho regelmessig kontakt med dei frivillig; - Når ting dukkar opp som er ekstra krevjande kan dei ta kontakt med meg. Elles har vi to samlingar i halvåret, ei samling med faglege oppdateringar og ein open temakveld. Som fagleg ansvarleg arbeidar eg også saman med leiinga i forsamlinga om utvikling og vegen vidare for Samtalesenteret.

Heile kretsen

Er dette eit tilbod berre for dei som bur på Sandnes og har relasjon til Fredheim

forsamling?

-Fredheim ynskjer å vera til for heile kretsen. Det er ingen ulempe at ein ikkje går på Fredheim, understrekar Aud Karin og legg til; Vi ynskjer å sjå kva plan Gud har for oss, og gå i lydighet for både kva og kven. Det gjeld fokus på Fredheim som forsamling eller vidare utover, kristne/ikkje aktive kristne, Sandnes/ eller vidare utover. Senteret har lagt opp til frivillig betaling for samtaler slik at økonomiske ressursar ikkje skal vera til hinder.

Diakoni

Fredheim forsamling har i mange år hatt fokus på diakon og ynskjer å bety ein positiv forskjell for folk på Sandnes som er i ein ekstra krevjande livssituasjon. Hjertebanken og Superlørdag er andre døme på diakonifokuset. Den 13. okt. i fjor vart Samtalesenteret lansert, noko dei håper og trur skal få bety mykje både for folk på Sandnes og vidare utover.



Fredheim Arena.

Kontaktinfo til Fredheim Samtalesenter:

<https://www.fredheimarena.no/samtalesenter/samtalesenter>

Mail: samtalesenter@fredheimarena.no

Tlf: 51 60 31 70 (telefonetid man-tors kl 9-15)

BYGLAND BIBEL OG NATURCAMP 2025

Med fokus på Israel og bedehusrevy med "Han innante & Sønner"!

Programmet for årets bibel- og naturcamp 2025 på HVS Bygland byr på mange spennende innslag.

Årets camp går i år av stabelen fra søndag 6. til søndag 13. juli.

► Tekst og foto: Olav Nilsen

Også i år blir Jostein og Esther Janøy med på alle kveldsmøtene. De har bakgrunn fra pinsebevegelsen, men er godt kjent med misjonsfolket på bedehusene rundt omkring. Jostein Janøy har vært både pastor og misjonær – i tillegg til at han har utgitt flere bøker. Sammen med sin kjære Esther vil de spille og synge for oss hver kveld!

Torsdag kveld er temaet "Med fokus på Israel".

Her vil flere spennende gjester dukke opp, og vi lover dere en interessant og tidsaktuell kveld med fokus både på misjon, bibelens profetier og aktuelle begivenheter i Bibelens eget land!

Fredag kveld dukker "Han Innante" Toralf Nordbø opp!

Han og sønnene vil synge på kveldsmøtet, og etter kaffipausen blir det "Bedehusrevy" av beste merke!

Barn og ungdom er et viktig innslag på Bygland bibel- og naturcamp, og i år får vi hjelp av Ingrid Engedal som vil ta seg av de barna som har begynt på skolen. Edvard Foss har egne bibelsamlingene for ungdommene, og for barna under skolealder vil vi også ha et eget opplegg.

Asle Hetlebakke har nå vært på camp'en flere ganger, og begynner virkelig å bli varm i trøya. Vi gleder oss til å høre hva han vil dele med oss denne uka gjennom sine daglige bibeltimer.

Lørdag 12. juli blir en innholdsrik dag!

Da er det Matmarknad på Ose, og muligheter for en tur med DS Bjoren for de som ønsker det.

På kvelden blir et sang- og musikk-møte med virkelig stor musikalsk bredde! Jostein og Esther Janøy blir med oss,

Vonheimkoret deltar, og Byglands nye organist og pianist Erik Hodnemyr spiller både svingende gospel og vakre salmer akkompagnert på fiolin av sin kone Benedikte Samseth Hodnemyr. Etterpå fyrer vi opp grillen og koser oss på nok en vakker sommerkveld!

Ingen bibel- og naturcamp uten fysiske aktiviteter av ulike slag.

På fredagen blir et misjonsløp, og turer til fjells med fiske og bading blir det anledning til både to og tre ganger i løpet av uka. Men for de som heller vil holde seg i ro ved teltene, vil vi i år som tidligere år ha ulike tilbud i nærområdet. Og de som bare vil sitte rett opp og ned i solveggen, får selvsagt lov til det også.

Skolen tilbyr ypperlige overnattingsmuligheter i gode internatbygg,

men mange velger også å overnatte i bobiler, campingvogner og telt.

Vår ypperlige kokk – norsk-tyske Judith Zøllner – serverer velsmakende og hjemmelagede frokoster, luncher og middager av beste kvalitet, men vil en heller lage maten sjøl i bobilen, er det selvsagt også helt i orden.

Kort og godt – her er noe for enhver smak – i ordets aller beste forstand.

Men det viktigste er at vi ønsker å så Guds Ord i hjertene på store og små.

Når vi i tillegg har et godt felleskap – både sosialt og åndelig – tror vi at løftene om at Guds ord aldri skal vende tomt tilbake – virkelig går i oppfyllelse denne uka i midten av juli – i Norges vakreste dal, Setesdal!

Meld deg på snarest på tlf. 982 99711 eller mail: kbnilsen@hotmail.com for sikre deg plass!

Se også vår hjemmeside www.bibelognaturcamp.no

**Velkommen til store og små,
og til hele familien!**



BIBEL- OG NATURCAMP

på KVS-Bygland 6. juli - 13. juli 2025

«Midt i hjertet av Setesdal»

MØTER OG ARRANGEMENTER:

- Barnemøter med Ingrid Engedal
- Bibelsamlinger for ungdommene med Edvard Foss
- Sang- og bedehusrevy med «Han Innante & Sønner»
- Kveldsmøter med tale og sang av Jostein og Esther Janøy
- Eget opplegg for ungdommene om kveldene
- Samlinger for de minste
- Bibeltimer med Asle Hetlebakke
- Med fokus på Israel
- Sang- og musikk-kveld
- Misjonsløp



Tlf: 982 99 711 E-post: kbnilsen@hotmail.com
www.bibelognaturcamp.no



internasjonale misjonærer i Norge

Ognatunbasaren

Vi minner om Ognatunbasaren

torsdag 25. sept. kl. 18.00.

Tale av Aud Karin Kjølvik Ringvoll.

All er velkomne!

Brit Ege Salongen
Tlf: 51 48 03 72

Trenger du regnskapsfører?

Besøksadresse:

Myrvegen 2, 4344 Bryne

Welhavensv. 19, 4319, Sandnes

Stasjonsvegen 14, 4360 Varhaug

(2. etasje Spar Varhaug)

Kontakt Jonas Varhaug - tlf. 905 79 580, E-post: post@jarok.no

www.jarok.no



ALT I ELEKTRISKE INSTALLASJONER
Elektrofag Jæren

Industritgt. 2, 4362 Vigrestad • Tlf: 51 79 11 70 • post@elektrofag.no

En god kontakt på Jæren

ELPROFFEN

**GRUDE
BYGG**

Bedriftsveien 35 - 4353 Klepp Stasjon
tlf.: 51 78 98 50

NYBYGG • PÅBYGG • REPARASJONER

BØNNE- OG TAKKEEMNE

Be for:

- Nok leiarar til leirane.
- Lyngdal Bibelcamp
- Bygland Bibel og naturcamp
- Kretsstyret og Ognatunstyret
- Økonomien

Takke for:

- Ny kretsleder
- Nye tilsette på Ognatun
- Song og musikkhelg på Furutangen
- Samtalesenteret på Fredheim
- Barn- og ungdomslaga

Du kan sende inn bøneemner til kretskontoret, så tek vi det med på bønesamlingar som vi har.

Send sms til 459 55 969 eller på e-post: rogaland@imf.no



LEIRarbeidar OGNATUN

Leirarbeidar søkes

Har du litt ledig tid og kunne tenka deg litt arbeid på si? Trivst du saman med barn og unge på leir? Har du eit ønske om å gje Jesus vidare til neste generasjon?

Vi kan tilby arbeid på timebasis. Hovudtyngda vil vera på å gjennomføra leirar her på Ognatun og evt. nokre lagsbesøk. Ta kontakt om du har spørsmål. Oppstart snarast etter avtale.

SØK NÅ

51793880 

mail: rogaland@imf.no
Kontortid: 09.00-15.00

Planlegga og gjennomføra leir


Vi tilbyr arbeid på timar

SAMTALETILBUDET
MENTORING & STELESORG

MENTORING
SAMMEN MED EN ÅNDELIG MOR/FAR BLIR DU STØTTET OG UTFORDRET I DETT LIV SAMMEN MED JESUS.

STELESORG
SAMMEN MED EN KRISTEN STELESØRGER FÅR DU REFLEKTERE OVER DETT LIV, DIN TRO, DINE HÅP OG LENGSLER. DU FÅR BEARBEIDTE TANKER, FØLELSER OG ERFARINGER.

 Booking og mer informasjon:
www.imfrogaland.no/samtaletilbudet



OGNATUN Ved til sals:


Sekker med bjørkeved,
60 L, kr 110, pr stk
Pallar med granved,
kr 1250 pr stk
Kontakt Magne Skårland
tlf. 915 73 157



Konsert med Morten Samuelsen

Varhaug Misjonshus
Fredag 24.10 kl. 19:30

Gratis inngang, kollekt



Kringsjø Invistering AS

Astor Industri Eiendom AS

VIGRESTAD BYGG



WWW.VIGRESTADBYGG.NO

Tlf: 958 19 505



Grude Gartneri Brekkeveien 18 4353 Klepp Stasjon



Pål Hatteland AS Entreprenør

Mob 99278710



Tlf 975 25 110
Post@bryne-regnskap.no
www.bryne-regnskap.no



Tlf.: 464 22 022

Bokføring - lønn - årsoppgjør
stiftelser- økonomisk rådgivning

ROTT REGNSKAP OG RÅDGIVNING, TLF. 51 43 81 50 - WWW.ROTTREGNSKAP.NO



WALDELAND MASKIN



Tlf: 90 79 61 44



JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 69, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no



• SERVICE • DELER
• REPRASJONER

Odd Narve Grude
Næringsbygg
Tlf.: 90 13 95 19
51 42 37 99



Returadresse: ImF Rogaland, Mjølhusvegen 70, 4364 Sirevåg

2025

LYNGDAL BIBELCAMP



U 27

30. juni-6. juli

LEIRSJEF: Lærer, Solveig Hosøy.

BIBELTIMER: Bibelskolerektor, Andreas Evensen.

KVELDSMØTER: Radiopastor i P7, Ingvald A Kårbø.

LOVSANG: VBF Lovsang (Vea Bedehusforsamling)

FREDAG 21.30: «Sammen i sangen» ved VBF Lovsang.

FAMILIESAMLING TORSDAG 16.00: Jorunn Singstad Djupvik, fra Awana.



U 28

7.-13. juli

LEIRSJEF: Markeds- og arrangementsansvarlig i ImF, Kenneth Foss.

BIBELTIMER: Bibelskolelærer, Ole Magnus Breivold.

KVELDSMØTER: Svein Granerud, Normisjon mandag til onsdag. Sangevangelistene Marit og Irene torsdag til søndag.

LOVSANG: Familien Lønsesløyken.

FREDAG 21.30: «Star og hope» konsert.

FAMILIESAMLING TORSDAG 16.00: Jarle Waldemar



U 29

14.-20. juli

LEIRSJEF: Lærer, Solveig Hosøy.

BIBELTIMER OG KVELDSMØTER: Pastor Torgeir Lauvås mandag til torsdag. ImF- Leder Runar Landro torsdag til søndag.

LOVSANG: Familiene Sangolt og Voldsund.

FREDAG 21.30: «Sammen i sangen».

FAMILIESAMLING TORSDAG 16.00: Rebecca Waldemar



U 30

21.-27. juli

LEIRSJEF: Kretsleder Ragnar Ringvoll.

BIBELTIMER: Kretsleder Johan Halsne.

KVELDSMØTER: Forsamlingsarbeider Aud Karin K Ringvoll.

LOVSANG: Sarah og David Åstrøm sammen med RETT KURS.

FREDAG 21.30: Konsert med Åstrøm og RETT KURS.

FAMILIESAMLING TORSDAG 16.00: FUNDAY i regi av Kidzcamp. Aktiviteter og konkurranser for små og store.



**Egen
Kidscamp og
Ungdomscamp
alle uker**

Booking av rom og leiligheter åpnet 7 februar, mens booking på campingplassen åpner 28 februar.
Booking skjer på kvs-camping.no eller tlf 38 33 06 00.

Hver uke er det seminar, cafe, quiz, turer, basar/misjonsløp, storsamling og grilling.

FOR MER INFO OM PROGRAM SJEKK BIBELCAMPEN.NO

